
Saksnr: 2019/13-22
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun
Dato: 15.11.2021

Til: Fylkesutvalet og fylkestinget

Frå: Fylkesdirektøren

Møter i folkevalde organ – streaming og digital deltaking på fjernmøter

Krav til streaming av fjernmøte i folkevalde organ

Fjernmøte inneber at deltakarane ikkje sit i same lokale, men at dei via tekniske hjelpemiddel likevel kan sjå, høyre og kommunisere med kvarandre. Av punkt 6 i Vestland fylkeskommune sitt reglement for sakshandsaming i folkevalde organ, går fram at det enkelte organ sjølv avgjer om eit møte skal haldast som fjernmøte. Reglementet opnar ikkje for fjernmøte i fylkestinget (med unntak for hastefjernmøte).

Eit møte som skal lukkast etter kommunelova § 11-5 (2), kan ikkje haldast som fjernmøte.

D Krav om møteoffentlegheit gjeld både ved fysiske møte og fjernmøte, jf. kommunelova § 11-5 (1) jf. § 11-7 (2). Den praktiske konsekvens av dette, er at alle fjernmøte vert streama slik det er gjort fram til no.

Todelt opplegg for evt. streaming av fysiske møte i folkevalde organ

Når det gjeld fysiske møte, er hovudregelen at ålmenta skal kunne følge forhandlingane i det same lokale som møtet vert helde. Fylkeskommunen har ein aktivitetsplikt, som inneber å vurdere eigna lokale som legg til rette for at ålmenta fysisk skal kunne vere til stades. Ein kan likevel tenke seg nokre unntak frå hovudregelen, til dømes grunngjeve med restriksjonar på tal menneske av omsyn til brannvern eller smittevernomsyn.

Kravet til offentlegheit ved fysiske møte er ivareteke ved at ålmenta fysisk kan vere til stades i møtelokale. Kommunelova set altså ikkje noko krav til streaming av slike møte. I perioden med koronapandemien, har fylkeskommunen streama ei rekkje fysiske møte. Streaming inneber at fleire kan følge møta i folkevalde organ, utan å måtte reise til møtelokale.

Samstundes er streaming av møte i folkevalde organ ressurskrevjande, særleg gjeld det for møte som er lagt utanfor faste møterom på administrasjonsstadene. For å redusere ressursbruken til streaming vil fylkesdirektøren frå og med 2022 innføre følgjande todeling;

- Streaming av møter i finansutvalet, fylkesutvalet og fylkestinget vil halde fram slik det er gjort fram til no.
- Streaming av møte i hovudutvala og andre folkevalde organ vil bli gjennomført med ei anna og mindre omfattande teknisk løysing, og utført av organet sin møtesekretær. Etter testing meiner fylkesdirektøren at denne løysinga gir eit godt nok tilbod for publikum som ynskjer å følgje slike møte via streaming.

Fylkesdirektøren legg til grunn at det er leiaren i det folkevalde organet som avgjer om eit fysisk møta skal verte streama eller ikkje. Fylkesdirektøren føreset at leiaren i det folkevalde organet avgjer dette i forkant av møtet, og at eventuell streaming går fram av sjølve møteinnkallinga.

Fylkesdirektøren vil likevel foreslå at fylkestinget samlar seg om eit hovedprinsipp for streaming av dei fysiske møta som gjeld likt i dei folkevalde organa i fylkeskommunen. Streaming av fysiske møter vil i større grad sikre møteoffentlegheit og interesse rundt det fylkespolitiske arbeidet. Dette er viktig for openheit, legitimitet og oppslutning om prioriteringar og vedtak, og det vil vere uheldig med ulik praksis mellom dei folkevalde organa i spørsmålet om streaming.

Er det høve til at enkeltrepresentantar kan delta digitalt, mens andre representantar er samla fysisk i møterommet?

Kommunal- og regionaldepartementet har uttalt at ei slik hybridløsning, der fleire representantar er samla fysisk i eit møtelokale og ser, høyrer og kommuniserer digitalt med enkeltrepresentantar utanfor møtelokalet, per definisjon er eit fjernmøte etter kommunelova § 11-7. Ved å kalle inn til eit fjernmøte kan det dermed opnast opp for ei fleksibel digital gjennomføring av møtet, utover det at kvar enkelt representant sit separat - slik det vanlegvis har vore organisert.

Fylkesdirektøren stiller likevel spørsmål om det vil vere rett å prioritere eventuelle enkeltrepresentantar sine preferansar for slike fjernmøter framfor planlagte fysiske møter i folkevalde organ;

- På fjernmøter vil det ikkje vere høve til å ta opp eller handsame saker unntatt offentlegheit som krev lukking av møtet.
- Fjernmøter vil i større grad kreve IKT-ressursar for å sikre nødvendig kvalitet på digital gjennomføring og streaming.
- På grunn av krav til teknisk utstyr til slike fjernmøter, er det usikkert om folkevalde organ vil kunne besøke alle kommunar og deler av fylket som ved eit fysisk møte.

Når møteleiar sender ut innkalling til eit møte, skal det gå fram av innkallinga om det er eit fjernmøte eller eit fysisk møte. Ved innkalling til fysisk møte, plikter alle medlemene å møte fysisk opp i møtelokalet, med mindre det ligg føre gyldig forfall. I slike møte er det altså ikkje høve til å delta digitalt.